



Avdeling for infrastruktur og veg



Invitasjon til dialogkonferanse om korleis Vestland fylkeskommune skal vere utsleppsfrie innan 2030

- *Korleis kan vi og de bidra til klimagassreduksjon gjennom driftskontraktene våre?*
- *Kva løysingar kan marknaden tilby no og framover?*

Innhold

1	Bakgrunn.....	3
2	Målsetting.....	3
3	Behovet.....	3
4	Framdrift og dialogprosessen.....	4
5	Dialogkonferanse.....	5
	5.2 Program	5
	5.2 Påmelding	5

1 Bakgrunn

Når ny driftskontrakt 4609 Sunnfjord nord skal lysast ut, ser Vestland fylkeskommune på nye moglegheiter for å betre utnytte handlingsrommet i anskaffingsregelverket for å redusere utslepp i tråd med fylkeskommunen sine klimaambisjonar, samt ha utgangspunkt for eit godt kontraktssamarbeid.

Dette gjer at vi no lyser ut ei driftskontrakt med forhandling, der byggherre og leverandør går i dialog før anskaffinga lysast ut. Leverandørbransjen blir utfordra til å kome med gode og framtidsretta løysingar slik at vi kan oppnå meir berekraftige og innovative tenester enn i tradisjonelle driftskontrakter.

2 Målsetting

Driftskontrakta 4609 Sunnfjord nord tek utgangspunkt i Statens Vegvesen (SVV) si driftskontrakt 9201 Vestfold og Telemark øst 2023-2028. Dette er ei kontrakt der entreprenør konkurrerte på fire område: klima og miljø, vinterdrift, driftsopplegg for heile året og system for å lukke avvik.

Erfaringar frå denne driftskontrakta har vist at driftskontrakter er godt eigna for forhandling, og at ein kan oppnå både reduserte utslepp, godt samarbeid, mindre uklarheiter og generelt meirverdi. Målsettinga er å oppnå dette og ivareta Vestland fylkeskommune vedtekne mål om nullutslepp innan 2030.

3 Behovet

Vi ønskjer tilbakemelding frå bransjen om korleis driftskontrakta 4609 Sunnfjord nord kan få ei best mogleg driftsløysing når det gjeld generell drift, vinterdrift, klima og miljø og pris. Ved å ha god dialog med bransjen og la entreprenørar og rådgjevarar kome med tilbakemeldingar før utlysing, trur vi at vi kan finne dei beste og mest berekraftige og framtidsretta løysingane ilag.

Vestland fylkeskommune ønskjer at leverandørmarknaden skal ha moglegheit til å kome med innspel om kva grep vi som byggherre kan ta for å oppnå ei driftsløysing som leverer på desse fire tildelingskriteria, med særskilt fokus på klima og miljø, og kva løysingar leverandørmarknaden kan tilby.

Spørsmål vi presenterer til dykk:

- Vestland fylkeskommune skal vere utslippsfri innan 2030
 - o Korleis kan byggherre og entreprenør bidra til utsleppsreduksjon gjennom driftskontraktene?
 - o Kva løysingar kan marknaden tilby, inkludert løysingar som ikkje vert etterspurd per dags dato?
 - o Korleis kan vi få betre praksis mtp. biologisk mangfald, verneområde og ureining anna enn klimagassar?

4 Framdrift og dialogprosessen

4.1 Innovative anskaffingar

Innovative anskaffingar er ein metodikk som legg opp til eit samspel mellom det offentlege og leverandørane. Kjernen i samspelet er dialog i forkant av konkurransen (juni-august). Formålet med dialogen er å få idear og innspel frå marknaden til alternative og innovative løysingar for å dekke oppdragsgivar sine behov. Dette vil sette Vestland fylkeskommune betre i stand til å utarbeide konkurransegrunnlaget. Samstundes får leverandørane og bedriftene informasjon om oppdragsgivar sine behov, slik at dei blir betre førebudd på å levere tilbod, og eventuelt utvikle nye og betre løysingar. Leverandørdialogen blir annonsert opent på Doffin (07-29.06.2023) som rettleiande kunngjering, og består av ein dialogkonferanse med påfølgande ein-til-ein-møter (23-25.08.2023.) Alle interesserte har høve til å melde seg på konferanse og/eller ein-til-ein-møta. Deltaking ved dialogkonferanse og/eller ein-til-ein-møter er ikkje ein føresetnad for å kunne delta i en eventuell komande anbodskonkurranse. Sjå elles www.innovativeanskaffelser.no.

4.2 Gjennomføring av dialogprosessen

Formålet med dialogkonferansen er å få innspel frå leverandørane på korleis ein *kan nå målsettingane som skildra i kap. 2 og 3 på en best mogleg måte*.

På bakgrunn av denne opne dialogkonferansen blir leverandørar inviterte til å kome med idear og forslag til korleis vi best kan løyse våre behov. Målet er å få mest mogleg kunnskap om mogleighetsrommet og alternative løysingar som finst i marknaden.

Det er ønskeleg at dykkar **tilbakemeldingar** er på eit overordna og mest mogleg funksjonelt nivå. Dei som ønsker å presentere sine løysingsforslag vil få høve til å sende inn ei skriftleg skildring på maksimum 4 sider, samt halde ein munnleg presentasjon av sitt forslag til løysing i ein-til-ein møter, (sjå tidsplan nedanfor). Det er òg mogleg å sende inn svar på dei skildra utfordringar utan å delta i ein-til-ein-møta. Ein-til-ein-møta *kan* gjennomførast på Teams.

Tidsplan	Aktivitet
29.06.2023	Dialogkonferanse
12.07.2023	<i>Frist for skriftlege innspel og påmelding ein-til-ein-møter</i>
23-25.08.2023	<i>Ein-til-ein-møter – Teams maks. 30 min.</i>

Informasjonen som vi får frå ein-til-ein-møta vil bli nytta som eit grunnlag for å utforme eit evt. konkurransegrunnlag, og til å vurdere kva for framgangsmåtar som er best eigna for å anskaffe den beste løysinga for å dekke det behovet vi har.

5 Dialogkonferanse

Formålet med dialogkonferansen er å presentere vårt behov og motivere marknaden til å utvikle framtidretta løysingar. Samstundes ønsker vi innspel frå marknaden på korleis leverandørane ser for seg at behova best kan dekkast.

5.2 Program

Tidspunkt: 29.06.2023 kl. 9-11

Digital plattform: Teams

09:00	Innleiing og velkommen
09:10	Kort introduksjon og bakgrunn for dagen
09:20	Om Innovative anskaffingar (IOA)
09:35	Vestland fylkeskommune sitt behov i den komande anskaffinga
09:55	(Pause)
10:05	Fylkeskommunens klimaambisjonar
10:25	Tidsplan for prosjektet - vegen vidare – informasjon om 1-til-1-møtane
10:35	Dialog og informasjonsutveksling
10:55	Kort oppsummering

5.2 Påmelding

For påmelding: <https://forms.office.com/e/Vt8vtSfhUx>

For spørsmål til konferansen kontaktast:

Elling Utne, Elling.Utne@vlfk.no tlf.: 95 79 87 32